

## REFERAT STYRINGSGRUPPEMØTE 20.03.19

### **Deltakarar:**

**Vågå:** Jan-Egil Fossmo, Helen Øygarden, Anne Britt Sætrumsmoen (HTV), Tor Even Vågheim (HVO), Pål Inge Sanden, Arne Heier- referent.

**Sel:** Kaija Eide Drønen, Solveig Rindhølen, Iren Ramsøy, Torbjørn Tho (HVO), Nina Grindstuen (HTV), Solveig Olstad.

**I tillegg:** Frank Roger Vangen, Solveig Nymoen

**Sted: Sel rådhus**

**Tid: 20.03.2019**

**Tidsramme 12.00 -14.15**

**Møteleiar:** Kaija Drønen

Formannskapet (FS) i Sel behandlet i møte 19.mars sak om status om utvidet samarbeid.

Kommunestyret behandler same sak 1.april. Politikarane hadde fått attendemelding om positiv aktivitet frå arbeidet som er starta. Rådmannen formidla til FS om at det var kome innspel frå enkelt tilsette som er bekymra for eigen situasjon/stilling.

I Vågå er samarbeidsprosessen eit fast orienteringspunkt på agendaen når formannskap/utval har møte.

### **Informasjon**

Oppfølging av styringsgruppa sin informasjonsplan og «påfyll» av ny informasjon er viktig.

**Konklusjon:** Eventuell uttale til media skal skje frå rådmannsnivå.

Informasjon på heimeside: bakgrunnsdokument/saker til politisk handsaming og referat frå styringsgruppemøte blir lagt ut.

Informasjon tilsette: Involver dei tilsette, ha diskusjonar slik at representantane i arbeidsgruppene har best mogleg grunnlag. Det må vere forståing for at detaljer frå gruppearbeidet ikkje blir lagt ut i det «offentlege rom».

1. Referat frå møtet 20.02.19  
Ingen merknader
2. Informasjon frå arbeidsgruppene/status

#### **Gruppe 1 Brann**

Solveig Rindhølen gruppeleiar. Har hatt eitt møte – det er planlagt to møte til. Positiv stemning i gruppa. Gruppa ser mange fordelar og lite med ulemper. Kartleggingsarbeid/oppdatering på nesituasjonen blir gjennomført. Gruppa ser på korleis ein kan «rigge» seg for å kunne møte ny forskrift (som kjem).

Brannsjefane er utfordra til å kartlegge kompetanse og behov. Kva har det enkelte brannvesenet av «spisskompetanse og utstyr», ser på likt og ulikt av ordningar/avtaler m.m. God og open prosess i gruppa.

#### **Gruppe 2 plan, byggjesak, oppmåling**

Pål Inge Sanden gruppeleiar. Har hatt eitt møte - planlagt to til.

Gruppa har valt å ta med natur- og viltforvaltningsoppgåver inn i arbeidet siden dette er spørsmål som fagområda i både kommunane tek stilling til i dag. God stemning og driv i gruppa. Open prosess med involvering av berørte arbeidstakarar gjennom kartlegging av fordelar og ulemper før neste møte.

### **Gruppe 3 Stab/støttefunksjonar – rekneskap, fakturabehandling, eigedomsskatt, løn og arkiv**

Arne Heier gruppeleiar. Har hatt to møte – planlagt eitt møte til. Positiv haldning og god stemning i gruppa.

Arkivverket anbefaler ikkje samarbeid på arkiv –arbeidsgruppa tek det til etterretning.

Støttefunksjonane er utgreidd fleire gongar tidlegare, og arbeidsgruppa ser framleis at eit samarbeid vil redusere sårbarheit og styrke samla kompetanse. På stutt sikt er gruppa meir i tvil på om det i vesentleg grad vil vere noko å hente økonomisk. Gruppa skal sjå nærmare på utfordingane knytt til bemannings- og ressursbehov.

På spørsmål frå gruppeleiar klargjorde styringsgruppa at kvar kommune skal ha sin eigen økonomisjef og personalsjef/HR-leiar.

### **Gruppe 4 Vaksenopplæring**

Helen Øygarden gruppeleiar. Gruppa har hatt to møte - planlagt eitt møte til.

Positive haldningar inn i gruppearbeidet. Arbeidet så langt viser at målgruppa for vaksenopplæringa er samansett og vanskeleg å få oversikt over.

Ser klart at fagmiljø vil bli styrka og at samarbeid er mogleg, men utfordrande bl.a med logistikk/transport mellom undervisningsstader da ein vil vere avhengig av off.kommunikasjon. Arbeidet skjer i dialog med Flyktningkontora. Det vil også bli henta informasjon frå andre kommunar som i dag samarbeider.

### **Gruppe 5 Økonomi**

Solveig Nymoen gruppeleiar. Gruppa har hatt to møte, det fyrste i lag med rådmennene. Planlagt eitt møte til (førebels). Positiv haldning i gruppa og det blir arbeidd med mål om å finne dei beste løysingane. Møte med Fylkesmannen er planlagt for å sjå på kva som er mogleg å få til av samarbeidsløysingar etter ny kommunelov.

Gruppa bad styringsgruppa om avklaring på kva for nivå dei no skal arbeide vidare:

- Skal dei sjå på kvar gruppe for seg og så kome med på mogleg løysingar eller
- kome med meir generelle/ulike løysingar for dei økonomiske utfordringane i utvida samarbeid mellom Sel og Vågå

Styringsgruppa si attendemelding på dette: Sjå på det generelle og ulike modellar. Detaljnivå må kome på neste steg når område for samarbeid er vedteke.

## 3. Ymse

**Rapportar:** Styringsgruppa legg føring på at rapportane frå undergruppene skal nytte same mal som gruppe 5 har lagt opp til. Rapportmal blir lagt inn på arbeidsgruppene sine område på R:/2K Sel Vågå 2019. (utført 21.03.19 AH)

Dokumentasjon knytt til pågåande gruppearbeid skal inn på R:/2K Sel Vågå 2019.

Styringsgruppa sine medlemmer skal ha tilgang til alle mappene på området.

Medlemmer i undergruppene skal ha tilgang til aktuell arbeidsgruppe si mappe.

Arne Heier følgjer opp kontakt med IT.

**Neste møte: 10.04.19 i Vågå kl. 12.**

Arne Heier

Ref.